

## Mønstring som held folkemusikken levande

27.10.2012



Jentelokk med Uskedalen-innslag

**Ein vesentleg grunn til at Kvinnherad vart betrugg Folkemusikkveka 2012 var dei rike tradisjonane her. Det er naudsynt med tradisjonsberarar og entusiastar for å halda folkemusikken levande. Det understreka verksamhedsleiar Ronny Skaar frå fylkeskommunen under den mektige festkonserten som runda av veka og som bekrefta at ho har gjeve folkemusikken i kommunen eit stort lyft framover.**



Sindre Aksnes fekk markert seg skikkeleg

Netttopp å skapa eit lyft har vore hensikten med arrangementet, sa kultursjef Kristian Olav Bringedal i si velkomsthelsing. Dette har vore den største kulturmonstringa som kommunen nokon gong har vore engasjert i, opplyste Bringedal og minne om at det har vore 20 konserter og arrangement. Eit anna døme på omfanget er at fylkesmusikar Frank Rolland har spela for 1400 denne veka.

Festkonserten var også eit svært vellukka arrangement. Regissør Reidun Horvei hadde plassert nesten alle aktørar på scena i kinosalen og det sikra ei rask og smertefri avvikling. Dei fleste som har vore i aksjon denne veka sat på plass og spennvidda var stor.

Naturleg nok fekk til dømes ikkje Røysterett for alle utfalda seg slik med syklusen som då dei hadde si eiga framsynning, men serverte i alle fall 4 smokebitar.

Uskedalens lovande trommeslagar Sindre Aksnes fekk presentert seg skikkeleg gjennom ein sugande trommeslått saman med Rolf Hunstad og Jentelokken hadde også denne gongen med kvadarar frå vår bygd.

Utan å gjera noko slags rangering kan ein ikkje undersla at Lamberg Torjusen trio frå Rosendal etter ein gong scora stort med si traktering av 2 tubaer og 1 trombone. Med 1 bruremarsj og 2 folkeviser viste Marius,

Sebastian og Tobias at folkemusikken kan vera fengjande også i ei ny tid. Og det er vel ein del av hensikten.

Men ros også til dei andre gruppene: Kammerskoret, trekkspelklubben, folkemusikklaget, 'Husnes musikklag, Husnes Blandakor , Jentelokken og KVAST.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Folkemusikklaget spela 3 dansar